



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	25/9830 - 25/117889	Håkon Slutaas -	07.08.2025
20070041				
4				

Uttale - klage på revisjon av konsesjonsvilkår for Istadvassdraget

Istad Kraft har sendt inn ein klage til Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) på vedtak om å opne vilkårsrevisjon for reguleringa av Istadvassdraget. Klagen viser til feil i miljøtilstand, miljømål og prioritering av vassdraget. NVE har bedt om uttale til denne klagen.

Miljøtilstand:

Det blir vist til mogleg feil i klassifiseringa av vassførekomstane i Skallelva, både for elvemusling og fisk. Vi viser til brev frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal av 10.7.2025 og stiller oss bak desse vurderingane.

Om miljømål, tiltak og prioritering:

Det blir i klagen vist til NVE-rapport 49/2013, der Istadvassdraget blei plassert i låg prioritet for revisjon. Istad Kraft held fram at det ikkje har kome tilstrekkeleg ny informasjon som tilseier at denne vurderinga bør endrast. Klagen vurderer også at minstevassføring ikkje vil gi vesentlege miljøforbetringar. Det blir peika på naturlege avgrensingar i vassdraget, som fossen ved Eidseter, og at lakselus utgjør ein ekstern påverknad som ikkje kan avhjelpast gjennom vasslipp.

Istadvassdraget: Istadvassdraget er i rapport 49/2013 ikkje prioritert for minstevassføring (kategori 2.1). Men i rapporten manglar vurdering av Oppdølselva (Skallelva) sin verdi for fisk (berre elvemusling er vurdert). Oppdølsvassdraget er eit betydelig større vassdrag enn Istadelva. Grunnlaget for vurdering av verdien av vassdraget er derfor undervurdert i rapport. Anadrom strekning i Oppdølselva/Skallelva er altså langt større enn det som blei lagt til grunn i NVE-rapport 49/2013. Samla anadrom strekning i dei to elvene er på 12-18 km, som tilsvarer stor eller svært stor verdi. Kunnskapsgrunnlaget er auka sidan rapporten blei utarbeidd og nye

undersøkingar viser at Skallelva har store verdiar for elvemusling, har lav rekruttering og at minstevassføring vil kunne ha god miljøeffekt. Stor verdi for elvemusling og fisk kombinert med ein forventa god effekt av minstevassføring og lavt krafttap, gjer det mogleg at Istadvassdraget hadde blitt plassert i kategori 1.1. i rapport 49/2013, som tilsvarar høg priorititet for tiltak som kan medføre krafttap.

På grunnlag av dette er Skallelva / Oppdølselva prioritert for minstevassføring i regional vassforvaltningsplan, med miljømål GØP der minstevassføring er satt som tiltak for å oppfylle miljømål. Vi vurderer at kunnskapsgrunnlaget for tilstand og påverknad for fisk og elvemusling ikkje endrar denne prioriteringa.

Det er likevel verdt å poengtere at dette er overordna regionale planer, og ikkje enkeltsaksbehandling av tiltak. Planen har forslag til tiltak, og har ikkje eit detaljeringsnivå som føregrip sektormyndigheitene si påfølgande saksbehandling av tiltak, i dette tilfellet minstevassføring med revisjon som verkemiddel. Ei meir konkret vurdering av fordelar og ulemper vil komme i sektormyndigheitene si påfølgande saksbehandling. Nasjonale føringar for vasskraft viser også til at miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar skal fastsettast individuelt basert på samfunnsmessige fordelar og ulemper (kost/nytte) og på realistiske tiltak, dvs. positiv kost/nytte. Dette gjerast klart best gjennom ein vilkårsrevisjon. Effekten av ei eventuell minstevassføring på økologien blir utgreidd, kombinert med habitattiltak (som vandringstiltak i fossen ved Eidseter) og miljødesign. Kostnadane tiltaket utgjer i form av krafttap, om det kan gjennomførast økonomisk og teknisk, og om det går ut over den samfunnsnyttige bruken, vil då inngå i vurderingsgrunnlaget. Det er etter vår vurdering klart best å ta dette gjennom ein vilkårsrevisjon no og ikkje utsette dette til neste vassplanperiode.

Oppsummering:

- Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som er lagt til grunn godt nok og stiller oss bak vurderingane frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal av 10.7.2025.
- Det kjem ikkje fram nye moment i klagen som endrar grunnlaget for å prioritere vassdraget for revisjon med minstevassføring som tiltak.
- Eit meir detaljert kunnskapsgrunnlag med vurdering av effekt av minstevassføring, habitattiltak, miljødesign, krafttap og kostnadar blir klart best ivaretatt gjennom ein vilkårsrevisjon no, og bør ikkje bli utsett.

Med helsing

Birgit Aarønæs
seksjonsleiar

Håkon Slutaas
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I MØRE OG
ROMSDAL